

Referat OMRÅDEUTVALET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

Tid	Fredag 08. Mai 2026, kl 09:00 – 12:00
Stad	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Mongstad
Møteleiar	Oddvin Neset
	Brucarrepresentant: Jostein Dale (brucarrepresentant frå kommunane i Nordhordland) Evy Knutsen (brucarrepresentant spesialisthelsetenesta) Kommunane: Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver) , Mona Molland (Gulen kommune), Annika Villanger (Fedje kommune), Anne Hildegunn Færøy (Austrheim) Kommuneoverlegerepresentant: Tor Magnus Soleim (Nordhordland) Helse Bergen: Grete Lill Hjartnes, Maria Vollsæter (Helse Bergen), Fredrik Hiis Bergh (Helse Bergen), Alf Henrik Andreassen (Helse Bergen), Haraldsplass: Rebekka Ljosland Sekretariat: Eva Nordnes
Fråfall	Gunn Mali Steen (Fastlegerepresentant, Nordhordland), Morten Rognaldsen (LO), Trond Larsen (HVT Fagforbundet), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen), Åse Therese Nordstrønen (Haraldsplass)

Nr.	Saker
15/26	Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå OU Nh 30.01.26 Vedtak: Godkjent
16/26	Orientering frå SSU 11.mars 2026 Rebekka Ljosland orienterte om saker frå SSU i mars.
17/26	Status handlingsplan (lenke) Kort orientering frå SSE om oppdateringar og endringar i handlingsplanen.
18/26	Etablering av ny særavtale om samarbeid i den akuttmedisinske kjede – representanter til arbeidsgruppe Kommunane har meldt at éin kommunal representant frå kvart helsefellesskapsområde er for lite i denne saka. Dei ønskjer breiare representasjon for å sikre at kommunale innspel blir betre ivaretekne.

	Det vart òg peika på at UFAB burde vore involvert tidlegare, før saksgrunnlag og avtalar vart utarbeidde. Vedtak: Kommunane i Nordhordland melder representant til arbeidsgruppa til SSE innan 22. mai. Områdeutvalet for Nordhordland vedtek saka slik ho ligg føre. Kommunane har følgjande innspel i saka: <i>Det bør vurderast om kommunane kan få 2 representantar frå kvart område i arbeidsgruppa. Innspela blir tekne med tilbake til SSE for vidare oppfølging.</i>
19/26	Revisjon av tenesteavtale 9 (samarbeid om IKT-løysingar) - representantar til arbeidsgruppe Revisjonen av tenesteavtale 9 skjer i eit komplekst landskap med fleire aktørar, mellom anna DIGI Vestland, IKT Nordhordland og Helse Vest. Det er behov for å avklare roller, ansvar og samhandlingsflater på det nivået prosessen omfattar. Det bør sikrast brei representasjon i arbeidsgruppa, med både IKT-kompetanse og representantar for dei som brukar systema i det daglege. Ei referansegruppe kan vurderast som supplement til arbeidsgruppa. Vedtak: Kommunane i Nordhordland meldar inn representant til arbeidsgruppa innan 22.mai. OU NH tek saka til orientering og ber om at innspela blir tekne med i det vidare arbeidet med revisjon av tenesteavtale 9.
20/26	Etablering av en ny særavtale om legemiddelberedskap – representanter til arbeidsgruppe Arbeidet med legemiddelberedskap er omfattande og allereie i gang. Ei ny særavtale må sjåast i samanheng med eksisterande prosessar og det nasjonale arbeidet på området. Det er viktig å avklare kva beredskap og tryggleik som ligg på nasjonalt nivå, og kva ansvar og løysingar som må handterast lokalt. Arbeidsgruppa må ha rett kompetanse. Det som blir oppnemnd, må ha relevant kunnskap og erfaring med legemiddelberedskap og beredskapsarbeid. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland vedtar saka slik den ligg føre og kommunane melder inn representant til arbeidsgruppa innan 22.mai.



21/26	Etablering av faglig samarbeidsutvalg (FSU) for personer med flere kroniske lidelser Innspel i møtet: FSU er ein viktig samhandlingsarena, og arbeidet må rettast mot konkrete pasientforløp der samhandling gir effekt. Det blir foreslått å hente inn tilbakemeldingar frå ulike råd i kommunane, til dømes gjennom Forms, for å synleggjere ei prioritering av kva område ein først må finne løysingar for. Vedtak og vidare oppfølging: Områdeutvalet for Nordhordland ønskjer utsett frist for innmelding av representant til september 2026. Kommunane må først vurdere kva fagkompetanse som kan vere aktuell ut frå utfordringsmilde, og melde inn representant ut frå dette.
22/26	Etablering av faglig samarbeidsutvalg (FSU) for kvinner i svangerskap, fødsel og barseltid Vedtak: Kommunane i Nordhordland melder inn representantar til fagleg samarbeidsutval (FSU) for kvinner i svangerskap, fødsel og barseltid til SSE innan 15. september.
23/26	Evaluering av helsefellesskapet – orientering om prosess Innspel frå Områdeutvalet for Nordhordland: • Det er gjort mykje viktig arbeid på ulike arenaer i strukturen, men det er behov for ei reell drøfting av om arbeidet er føremålstenleg organisert. • Det er for mange orienteringssaker i områdeutvala. Områdeutvalet for Nordhordland bør i større grad nytte tida til å drøfte saker der samhandlinga gir reelle påverknadsmoglegheiter. • SSE bør støtte arbeidet med sakslister, slik at talet på orienteringssaker blir redusert og saker som krev drøfting, blir prioriterte. • Kommunane bør melde inn fleire saker, også saker som berre gjeld kommunane, men som spesialisthelsetenesta kan ha nytte av å kjenne til. • Evalueringa av helsefellesskapet bør undersøkje om strukturen har ført til betre samhandling for pasientane. • Det bør hentast inn kvalitative data frå fagpersonar, deltakarar i strukturen, politikarar, brukarrepresentantar og andre relevante aktørar. • Politikarane bør koplast tettare på strukturen og utfordrast til å kome med innspel til korleis dei kan bidra til vidare utvikling. • Dei lokale møta har stor verdi, fordi dei får fram lokale perspektiv og behov. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.



24/26	Oppfølging av sak 7/26 i Områdeutvalet NH 30.01.26 Presentasjonsrunden der alle deltakarane i OU har presentert sitt område har vore ein nyttig arena for å bli betre kjende med arbeid, prosjekt og utfordringar i kommunane og i spesialisthelsetenesta. Bør nyttast til tema som er relevante for samhandlinga. Det skal arbeidast vidare med eit årshjul, slik at tema kan planleggjast og prioriterast. Innspel til aktuelle tema: • Prioriteringsrettleiar og beste praksis • Housing first - pågåande utgreiing i Alver • Barn og unge med psykisk uhelse, kroniske lidningar, rus eller samansette utfordringar • KI og digitalisering, prosjekt og utvikling • Prosjekt og satsingar, eller utfordringar partane står i Ved tema som til dømes barn og unge, bør FSU-representantar frå både kommune og spesialisthelsetenesta inviterast. I neste møte i Områdeutvalet for Nordhordland vil Alver kommune orientere om korleis dei forheld seg til prioriteringsrettleiaren, og korleis kommunen handterer oppgåvene kommunane skal løyse. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering og vil utarbeide ein plan for innhald og struktur.
25/26	Orientering om Prosjekt X Områdeutvalet for Nordhordland fekk ei orientering om Prosjekt X ved Gunn Iren Hovda Engvold (Voss sjukehus), Liv Jorunn Solstad (Voss herad) og Birger Lærum (Voss sjukehus). Sjå vedlagt presentasjon. Modellen skal etter planen prøvast ut frå hausten 2026. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.
26/26	eBehandling som behandlingstilbud i spesialisthelsetjenesten Områdetutvalet for Nordhordland fekk orientering frå Gunn Elise Sætre (Helse Bergen). Sjå vedlagt presentasjon. • Kommunane kan lenkje til eBehandlingstilbodet på egne nettsider. • 80 % av dei som svarar på undersøkingar om tilbodet, seier at dei er nøgde. • Pasientar kan tilvise seg sjølve, eller bli tilviste via fastlege. • Det er få tilviste pasientar som ikkje møter. • Per i dag er det om lag to vekers ventetid. • Dersom pasienten ikkje passar inn i ebehandlingstilbodet, blir tilvisinga avvist, slik at fastlegen kan tilvise til anna behandling. Vedtak:



	Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.
27/26	Delprosjekt FACT – Psykisk helsevern for framtida Orientering ved Fredrik Hiis Bergh (Helse Bergen). • Tilbodet er godt motteke i kommunane. Det må avklarast korleis inntakskriteria skal handterast, og korleis tilvising og rettingheitsvurdering skal løysast. • Dei fleste som blir tilviste, vil truleg ha rett til helsehjelp, men inntak vil òg vere avhengig av kapasitet. • Det er semje mellom kommunane og spesialisthelsetenesta om prioriteringa. Målet om lågare terskel for hjelp. • Fleire avtalar og rammer må på plass før vidare arbeid. • Det må mellom anna avklarast korleis tilbodet skal finansierast, med forståing for partane sine ulike ståstader. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.
28/26	Revisjon av Helse Bergen sin utviklingsplan Orientering frå Ingvild Sunde og Nina Christin Sunde (Helse Bergen). Presentasjon er vedlagt. Det vart stilt spørsmål om planen blir sendt på høyring. Det er ikkje planlagt høyring, sidan dette er ei oppdatering/revisjon og ikkje ein ny plan. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek sak til orientering.
29/26	Orientering frå partane • Pasientens prøvesvar har gjort ei oppdatering. Første melding til pasienten inneheld spørsmål om pasienten ønskjer å motta prøvesvar direkte i det vidare. • Avisa Strilen jobbar med en serie frå Helsehuset i Knarvik (Helse Bergen sine tilsette). Alle opptak er tatt og det vert jobba med sitatsjekk og grundig gjennomgang av alt materiale. • Kommunane orientere om status for innkjøp av nytt EPJ-system for pleie og omsorg. Kommunane skulle etter planen ta i bruk nytt system denne våren, med Alver som pilot før påske. Leverandøren har avslutta prosjektet, og det blir no arbeidd vidare med ein ny innkjøpsprosess. IKT Nordhordland er i gang med anbudsrunde. Det blir difor ikkje innført nytt journalsystem denne våren. • Alver kommune orienterte om nye sjukeheimsplassar og vidare arbeid med heildøgns omsorgsplassar. Det blir etablert 13 nye sjukeheimsplassar frå 01.09.2026. Ombygginga startar 01.06.2026. Kommunen manglar framleis mange plassar og arbeider vidare med tiltak for å betre kapasiteten. Det held òg frem arbeid med privat–offentleg samarbeid om bygging av heildøgns omsorgsplassar for kommunen.



	24.april vart det arrangert seniortreff på Helsehuset for alle innbyggjarar i Alver fødte i 1951. Det var 82 påmelde. Tema var mellom anna folkehelse, eiga helse og informasjon om tilbod og tenester. Fleire instansar deltok, mellom anna Husbanken, brannvern, politi, høyrsekontakt og frivillige organisasjonar.
30/26	Eventuelt - ingen saker melde.

